


# Innhald

1. Kjenneteikn ved Vats.....	3
1.1 Historikk.....	3
1.2 Landskap.....	3
1.3 Dagens bruk.....	3
2. Arealstatus for Vats.....	5
2.1 Bygningsstatus.....	5
2.2 Planstatus.....	6
2.2.1 Gjeldande KPA.....	6
2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar.....	7
2.3 Areal- og tomtereseve.....	8
2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel.....	9
2.5 Oversikt over naturfarar.....	10
2.6 Innsatstid brannvesen og ambulanse.....	11
3.1 Vatn og avløp.....	12
3.2 Veg og trafikk.....	13
3.3 Straum og renovasjon.....	13
3.3.1 Straum.....	13
3.3.2 Renovasjon.....	13
3.4 Skiløyper og stigar.....	14
3.4.1 Eksisterande stig- og løypenett.....	14
3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg.....	15
4. Vassmiljø.....	16
5. Naturverdiar, klima og miljø.....	17
5.1 Naturtypar og naturmangfald.....	17
5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr.....	18
5.3 Inngrepsfri natur.....	18
5.4 Karbonrike areal.....	19
6. Leveområde villrein.....	20
7. Naturressursar.....	21
7.1 Beitebruk og beiteareal.....	21
7.2 Dyrka- og dyrkbar jord.....	21
8. Samla vurdering.....	22
8.1 Området sine utfordringar, behov og moglegheiter.....	22
Kjelder.....	23

## Analyseområde 7.

# Vats



### Områdeavgrønsing

Avgrensinga er sett med utgangspunkt i eksisterande planar, arealføremål i gjeldande arealdel, innspel frå grovsiling og den omtrentlege grensa mellom skog og snaufjell. Grensa er ikkje absolutt, men fungerer som eit praktisk verktøy for analysen og for å kunne hente mest mogleg korrekt statistikk i ulike temaa frå kartprogram.

Avgrensinga rommar to overordna hytteområde; Sirestølen i aust og Skarslia i vest. Det er valt å forbinde desse to med skogbeltet i mellom for å inkludere innspel og hytteområda i dette strekket.

*Tekst i dokumentet som er blått er innspel frå publikum i folkemøta*

# 1. Kjenneteikn ved Vats

Området kalla Vats i områdeanalysen dekkjer strekninga frå Toslettan i aust, til dammen i Rødungen i vest. Mot nord er avgrensinga snaufjellet. I aust femner det dermed om Grønlifeltet og Sirestølen, medan det i vest femner Skarsgardlia og Tverrlie. Midt imellom ligg Dusefeltet med tomter frå 1970-talet. Mellom felta er det lite utbygging.

## 1.1 Historikk

Dei fleste gardar i Vats har remmar som går inn i området. Innanfor remmane ligg det heimstølar. Desse vart brukt til støling vår og haust, samt slått. Områda rundt vollane vart, og blir, brukt til beite. Som ei følgje av heimstølane og beitinga, går det bufarvegar både til heimstølane og vidare til fjells.

I Vats har det vore turisme i mange tiår. I glansdagane frå 1950-talet og framover var det ikkje mindre enn sju overnattingsstader i bygda; Vats Turistheim, Kaslegard Fjellgard, Nordheim Fjellstue, Skarslia Hotell, Rødungstølen Høyfjellshotell, Bergsjø Høyfjellshotell og Bergsjøstølen Fjellstue. Hyttebygginga starta relativt tidleg i Vats, og det er difor ein god del eldre hytter i bygda i tillegg til dei heilt nye høgstandardhyttene.

Frå slutten av 1960-talet har det vore skisenter i Skarslia. Etter kvart har det vorte utvikla med akesenter.

På 1970-talet vart hyttene i Grønlifeltet bygde ut. [Studien frå nasjonale fjellplanutvalet «Fjellbygd og feriefjell» frå 1962 skulle sikre bøndene langsiktige tilleggsinntekter og gjere utmarka meir attraktiv for turistføremål, men samstundes sikre at naturen ikkje skulle bli skadelidande. Grønlifeltet har teke opp i seg desse prinsippa med låg utnyttingsgrad, med skånsom utbygging på naturens premiss som gjer hyttene «usynlege».](#)

Nokre hundre meter før parkeringa ved Sirestøltjødne er det sett opp ei minneplate. Denne er til minne om flyslepp under 2. verdskrig. Ved Storevarden på toppen av Hesthovda var det ein peilestasjon (Eureka). Denne vart nytta til å ta imot signal frå sleppfly. Dei kunne også svare med morse frå denne stasjonen.

Rødungen er eit magasin for Hol I kraftverk. Vatnet vart demt ned på 1940-talet. Oppdemminga påverkar fyrst Storåne, og deretter heile vassdraget nedover.

## 1.2 Landskap

Området ligg i bjørkeskogbeltet og vender meir og mindre mot sør. Heile området ligg over vernskoggrensa. Landskapet varierar innad avgrensinga, [men rundt Sirestølen og Grønli, og til Leveldåsen, er landskapet prega av opne vollar, beiter og spreidde stølar.](#)

## 1.3 Dagens bruk

Vatslie blir framleis mykje brukt til beiting for små- og storfe. Det gjeld både dyr som blir sleppte der, og dyr som kjem frå fjellet. Ingen stølar i Vatslie lenger. Området blir dessutan brukt som turområde av lokale, og ved hytteområda stort sett av tilreisande. Særleg populært er merka Ål 52-turar og oppkørde skiløyper. Dei fleste av desse ligg *utanfor* det konkrete området, men likevel slik at det er relevant å nemne i denne samanhengen.

Det er årleg elgjakt i åsane rundt Vats. Etter kvart som talet på hytter har auka, har enkelte område i praksis falle ut som jaktområde. Samanslutninga grunneigarlaget i Vats leiger bort småviltjakta i Vatslie.

Det har vore stor byggeaktivitet i området dei siste tiåra både i Skarslie og i området rundt Sirestølen. I Skarslie er det varme senger både på Skarslia Hotell og Skarslia Apartment. Skarslia Ski og Akesenter er i drift vinterhalvåret så sant snøtilhøve tillet det. Med utgangspunkt på Skarslia blir det arrangert organiserte rideturar i området sommarvekene.

Fylling og tapping av Rødungen N-magasinet påverkar vassføringa i Storåne og vidare nedover.


## 2. Arealstatus for Vats

### 2.1 Bygningsstatus

Hytteområda ligg i hovudsak oppe i åsane mot fjellet. Hytteutbygginga starta relativt tidleg i etterkrigstida. Skarslia er det området som har hatt mest utvikling av fritidsbustader dei siste åra, gjennom reguleringsplan Rødungstølen sameige (2003007) og Detaljregulering Skarslia. I strekket mellom Sirestølen og Skarslia ligg Vats hyttegren, er eit eldre hyttefelt over Dusegard som vart bygd ut med disposisjonsplan som er innarbeida i gjeldande arealdel. Det er 5 heilårsbustader som ligg innanfor områdeavgrensinga, men det er fleire ned i dalen.

Objekttype	Tal
Fritidsbustader	327
Bustader	5
Garasje, uthus, anneks til fritidsbustad	160

Datasettet er henta frå felles kartdatabase, og det er gjort utval innanfor avgrensinga.




**Figur 1:** Kartutsnitt av med alle dei 327 fritidsbustadene som bygningspunkt innanfor avgrensinga i Vats. Byggeår er henta frå matrikkelen og basert på bygningsstatus (IG, FA, TB) og kan innehalde feil.

## 2.2 Planstatus

### 2.2.1 Gjeldande KPA

I gjeldande kommuneplan består arealbruken i Vats i hovudsak av eksisterande fritidsbustader, men og næring og idrettsanlegg i Skarslia, tilknytt hotellet og ski- og akesenteret. Det er eit lite område på 9,4 daa avsett til framtidig fritidsbustad ved Knutstølshovda. Hovudtyngda av areal avsett til fritidsbustader ligg i Skarslia og i Grønlfeltet ved Sirestølen.

Arealføremål	Storleik
Eksisterande fritidsbustad	Ca. 1 237 daa.
LSF (LNF - spreidde bustader)	Ca. 1 664 daa.
Framtidig fritidsbustad (F1-1)	Ca. 9,4 daa.
Næring	Ca. 65 daa.




Figur 2: Gjeldande KPA rundt Vats.

## 2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar

Det er 9 reguleringsplanar innanfor områdeavgrensinga. Dei største og mest sentrale planane er Rødungstølen sameige (2003007) som strekkar seg vidare opp til Rødungen og Bergsjø.

Detaljregulering Skarslia (2010001) frå 2013 har vore grunnlaget for mykje av hyttebygginga elles i Skarslia. Ved Sirestølen er det fleire eldre hytter bygde ut med disposisjonsplanar, mellom anna Grønli hyttefelt.

Utanfor områdeavgrensinga, i dalens sørside ligg det ein eldre ikkje-gjennomført reguleringsplan «Del av Vestlia i nordre Vats» planID 1990001. I denne planen er det 12 ledige, ubygde tomter.



Figur 3: Kartutsnitt av Vats med dei 9 reguleringsplanane innanfor områdeavgrensinga.

Plannavn	PlanID	Ikraftsatt	Overlapp med planer	
			Erstatter delvis	Delvis erstatta av
Sirestølen	1998001	27.01.1998	-	-
Del av Langegard gnr 78 bnr 1	1998002	24.02.1998	-	-
Hausestølen gnr 75 bnr 2	2001001	27.03.2001	-	-
Rødungstølen sameige	2003007	16.10.2003	-	-
Bebyggelsesplan for Knutstølhovda vest	2006010	20.06.2006	-	-
Sirestølen	2006003	17.08.2006	-	-
Knutstølhovda nedre, ved Heståni	2008006	16.09.2010	-	-
Detaljregulering Skarslia, Skarsgard Nordre gnr 92 bnr4, revidering	2010001	14.03.2013	-	2016005
Detaljregulering Skarslia T1, T2 og FT1	2016005	31.08.2017	2010001	-
<b>Disposisjonsplanar:</b> Grønli hyttefelt (18.04.1974), Skarsgard hyttefelt (07.03.1973), Toresgard hyttefelt (12.08.1974), Fjellstølen sameige (21.01.1975), Rabbehalle hyttefelt (16.09.1974)				

## 2.3 Areal- og tomtereserve

### Arealreserve

Arealreserven i området er berekna ut frå areal avsett til fritidsbustader i KPA og i gjeldande reguleringsplanar. Gamal disposisjonsplan for Grønli hyttefelt opptek ein stor del av denne reserven. Arealreserven er vist med oransje farge i kartet under (figur 4).


For å kome til ein realistisk arealreserve, er areal som ikkje er eigna for utbygging trekt frå, slik det går fram i tabellen til høgre. For reserven i KPA er regulerte område fjerna for unngå dobbel teljing.

### Tomtereserve

Tomtereserven i reguleringsplanar er basert på kommunens kartgrunnlag over alle planlagde, men enno ubygde, tomter i gjeldande reguleringsplanar. Dette talet blir rekna som påliteleg og blir kontinuerleg oppdatert etter kvart som tomter blir bygde ut.

Tomtereserven i kommuneplan er eit grovt estimat. Utrekninga er basert på areal avsett til fritidsbustader (noverande og framtidig), der arealet er delt på to, med ein føresetnad på to daa. per tomt i gjennomsnitt.

Areal- og tomtereserve	
I kommuneplan	I reguleringsplan
+ Område avsett til fritidsbustad <b>(1246 daa)</b>	+ Område avsett til fritidsbustad og veg <b>(755 daa)</b>
- Bygning m/ radius 22 m. (1,5 daa.)	
- Køyreveg m/ radius 3 m.	
- Innsjø & elv/bekk m/ radius 10 m.	
- Aktsemdssonar flaum	
- Aktsemdssone jord/flaumskred	
- Stigar/løyper m/ radius 1 m.	
- Myr	
= totalt ca. <b>348 da</b>	= Totalt ca. <b>160 daa</b>
Samla arealreserve: <b>508 daa</b>	
Tomtereserve: <b>174</b> (grovt estimat)	Tomtereserve: <b>25</b>
Estimert samla tomtereserve: <b>199</b>	




Figur 4: Arealreserve i kommuneplan og reguleringsplanar, samt regulerte, ubygde tomter i gjeldande reguleringsplanar.

## 2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel

Innspela som har kome inn i samband med rullering av arealdelen er grovsila og har vore til politisk handsaming i sak 37/2024, handsama i møte 09.12.2024, og i sak 7/2026, handsama i møte 20.01.2026. Nærare informasjon om kvart individuelle innspel finnast i grovsilingsdokumenta på heimsida til Ål [Kommuneplanen - Ål kommune](#).

I Vats er det kome inn 38 innspel til kommuneplanens arealdel, utelukkande innspel på fritidsbustader (FB). 10 innspel har gått vidare til KU, med eit samla areal på 632,5 daa. Innspel FB307 på fortetting i Grønlifeltet er på 429 daa og opptek mestepart av samla innspelsareal som skal vidare til KU. Oversikt over alle Innspela vidare til KU er vist i figur 5, og oversikt i tabellen under.




Figur 5: Kartutsnitt av Vats med dei 10 innspela på totalt 632,5 daa som gjekk vidare til KU.

Innspel	Storleik (daa)	Tal tomter	Vidare til KU?
FB301	40	-	Red
FB307	429	-	Green
FB308	89	35	Red
FB309	111	-	Red
FB310	49,5	-	Red
FB311	11,5	-	Red
FB312	157	-	Red
FB313	6,4	-	Green
FB202	197,7	-	Red
FB203	150	-	Green
FB204	120	-	Red
FB205	10	-	Green
FB206	16,2	-	Red
FB207	7,8	-	Red
FB208	2,5	-	Red
FB209	2	-	Green
FB210	1,2	-	Green
FB211	8,4	-	Green
FB215	4	3	Red

FB216	1,4	1	
FB217	1,6	1	
FB218	1,5	1	
FB219	4,4	3	
FB220	4	3	
FB221	2,5	3	
FB320	29	-	
FB321	34	-	
FB322	12,4	-	
FB323	99	-	
FB324	13	-	Delvis
FB325	31	-	
FB327	63	-	
FB336	76	-	
FB222	2,5	-	
FB223	4	-	
FB224	2,3	-	
FB225	4	-	
FB226	4	-	
<b>Konklusjon:</b> 10 innspel på til saman ca. 632 daa skal vurderast nærare i ei konsekvensutgreiing.			

## 2.5 Oversikt over naturfarar

I åsryggane og den nordlege dalsida frå Vatsfjorden til Skarslia finst det fleire bratte parti med aktsemd for skred. I Skarslia er det identifisert nokre særleg utfordrande område med potensielt skredfarleg terreng innanfor hytteområda, der fleire hytter ligg innanfor aktsemdssonene for jord- og flaumskred. Dei mest utsette aktsemdssonene for flaum ligg i hovudsak langs Heståne i aust, ved Sirestølen, Hausestølen og Grønli. I tillegg kan mindre bekkar utgjere ein lokal risiko, mellom anna i hytteområda i Skarslia.




**Figur 6:** Kartutsnitt av Vats med aktsemdssoner for steinsprang, snøskred utan skogeffekt, flaum, og jord- og flaumskred. Aktsemdssonene brukt er oppdaterte frå 2025.

## 2.6 Innsatstid brannvesen og ambulanse

Nærmeste brannstasjon er ved Oppsjøtippen industriområde. Derfra tek det om lag 26 min å køyre til Sirestølen/Hausestølen og Skarslia.

Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken. Nærmaste fyllpunkt er i Leveld og Leveldåsen. I rapport «Sløkkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» frå 2024, utarbeida av SOS Brannconsult AS, er det føreslått etablering av nytt tappepunkt mellom Bødalsvegen og Varaldsetvegen.

Omtrentleg avstand og køyretid frå Oppsjø brannsentral			
Sirestølen / Hausestølen		Skarslia	
26 min	20 km	26 min	23 km




Figur 7: Kartutsnitt med tappepunkt og køyreveg (oransje) frå brannsentral til deler av området Vats.

### 3.1 Vatn og avløp

Tilknytt kommunalt avløp?	I Skarslia
Tilknytt kommunalt vatn?	Nei
Eiget eller felles avløpsløyning?	Sirestølen har eit stort avløpsanlegg. Elles finst mindre, spreidde private anlegg.
Eiget eller felles vassverk?	Truleg felles vassverk for Sirestølen. Elles er det mindre spreidde vassverk
Kapasitet reinseanlegg?	Reinseanlegg ved Skarslia har ledig kapasitet, men den er reservert. Ingen nye kan kople på utan at det frigjerast kapasitet eller at anlegget utvidast.
Tal PE innanfor tettstadbebyggelsen (jf. forurensningsforskrifta kap. 11-3 bokstav k)?  <i>Her kan det bli ein ny definisjon av tettbebyggelse, og det leggast derfor ikkje så mykje vekt på dette i analysane.</i>	Under 2000, men over 1000 PE i Skarslia. Elles ingen tettbebyggelse.
Moglegheit for å kople fleire hytter innanfor eit større område til eit fellesanlegg?	Ikkje meir kapasitet enn det som er i dag. Det er ikkje naudsynt å utvide fordi det inneberer å bygge heilt nytt anlegg.
Behov for/moglegheit for oppgraderingar/utviding/utbetringar?	Ja, både Skarslia og Sirestølen har behov for oppgradering og utviding.

## 3.2 Veg og trafikk

Tilkomst til dei ulike delane av området går vi krysset på Riksveg 7 ved Gullhagen. Ein kan ta opp vegen frå Nordbygdvegen ved Vatsfjorden opp til Sirestølen eller hyttefelta ved Toresgard og Dusevegen. For tilkomst til Skarslia følger man Nordbygdvegen heile vegen inn.



Figur 8: Einaste tilkomst frå Rv. 7 er via krysset ved Gullhagen.

### 3.3.1 Straum

Sjå vedlagt skriv frå Føie AS.

### 3.3.2 Renovasjon

Ja, området er tilknytt returpunkt med etablerte molokker.


## 3.4 Skiløyper og stigar

### 3.4.1 Eksisterande stig- og løypenett

Innanfor områdeavgrønsinga er det tilkomstskiløyper frå både Skarslia og Sirestølen, som er dei største hytteområda. Hovudskiløypenettet for dette området ligg nord for avgrønsinga. Dette løypenettet er godt utvikla med mange moglegheitar for rundturar hovudsakeleg på snaufjellet.

Det er og fleire tilkomstløyper ned til busetnaden i Vats, der er det og lysløype.

Av skilta og merka stigar er det ikkje så mange innanfor avgrønsinga, men turen frå Sirestølen til Hesthovda og frå Skarslia til Bergsjø er merka. Hovudstignettet ligg i Bergsjøområdet nord for områdeavgrønsinga. Her har Visit Ål i samarbeid med bedrifter i området laga ei eigen brosjyre over både merka og umerka stigar.




**Figur 9:** Stig- og løypenett i området. Skilta og merka stigar (raud stipla linje), umerka stigar (svart stipla), og skiløyper (blå stipla)

### 3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg

Det er ein del kryssingspunkt der hyttene ligg tettast, slik som i Skarslia og Sirestølen.

Det er derimot mogleg å gå lange skiturar utan å krysse brøyta veg nord for områdeavgrønsinga.



Figur 10: Skiløypar (blå stipla) med kryssingspunkt mellom veg og skiløype (raud sirkel).

### 3.4.3 Behov for omleggingar / sambindingsløyper?

Administrasjonen kjenner ikkje slike behov.

## 4. Vassmiljø

Området omfattar fleire elve- og bekkeforekomster samt innsjø i middels til høy klimasone, med gjennomgående god til moderat økologisk tilstand og varierende grad av dokumentert påverknad.

**Hesteåne** (vann-id 012-2417-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, men det føreligg ingen data for fosfor og nitrogen, og toleevna vurderast som usikker.

**Vatsfjorden bekkefelt nord** (vann-id 012-1624-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, men manglar nyare data for fosfor og nitrogen. Omtrent ti år gamle prøver av påvekstalgar indikerar svært god tilstand, men datagrunnlaget vurderast som usikkert.

**Vatsfjorden** (vann-id 012-16403-L) er klassifisert som sterkt modifisert vassførekomst med godt økologisk potensial, med fosfor i god tilstand og nitrogen i svært god tilstand.

**Storåne – Votna** (vann-id 012-613-R) er klassifisert som sterkt modifisert vassførekomst med moderat økologisk tilstand, basert på vurderingar av bunnfauna, mens næringsalter viser fosfor i god tilstand og nitrogen i svært god tilstand.

**Ælinggrove** (vann-id 012-1626-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, men manglar data for fosfor og nitrogen, og kun eldre prøver av påvekstalger indikerer god tilstand, noko som gir usikkerhet tilknyt faktisk tilstand og toleevne.

**Varaldsettårne** (vann-id 012-622-R) og **Tavrråne** (vann-id 012-617-R) er begge klassifisert som sterkt modifiserte vassførekomster med god økologisk tilstand, men utan minstevassføring. Det føreligg ingen data for fosfor og nitrogen, og tilstanden er antatt god, samtidig som toleevna vurderast som usikker.

Samla sett synar vurderingen at området omfatter fleire vassførekomster med avgrensa datagrunnlag og usikker toleevne, manglende minstevassføring, samt enkelte førekomster med allereie moderat økologisk tilstand. Dersom det etablerast avløpsnett i området og nye hytter tilknyttast dette, vurderast den direkte påvirkningen på nærliggende resipienter å vere minimal for samtlege førekomster. Belastning på resipienter nedstraums reinseanlegg er imidlertid ikkje vurdert i denne samanheng, og borde inngå som del av ein helskapleg vurdering av samla belastning i nedbørfeltet


## 5. Naturverdiar, klima og miljø

### 5.1 Naturtypar og naturmangfald

Det ligg føre kartlegging av verdsatte naturtypar i Vats som viser eit område med rikt og variert naturmangfald.

Innanfor områdeavgrensing i Vats er det boreal hei av stor verdi som utgjer hovudtyngda av dei registrerte naturverdiane. Elles er det mykje kulturlandskap av svært stor verdi, m.m. naturbeitemark, semi-naturlig myr og slåttemyr. Det verdifulle naturtypane er lista opp i tabellen til høgre.


Naturtype	Verdi
Slåttemark	Svært stor
Naturbeitemark	Svært stor
Semi-naturlig myr	Svært stor
Slåttemyr	Svært stor
Gammel furuskog med gamle trær	Svært stor
Sørvendte berg og rasmarker	Stor
Lågurtfuruskog	Stor
Kalkfattig og intermediær rabbe	Stor
Kalkbjørkeskog	Stor
Rik open jordvannsmyr i nordoreal og lavalpin sone	Stor
Boreal hei	Stor



**Figur 11:** Verdsatte naturtypar i området Vats. Datasett henta frå «Naturtyper, naturmangfald» i Miljødirektoratet Naturbase.

## 5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr


Det er ei viktig hovudtrekkerte frå/til Hol går gjennom hyttefeltet i Skarslia og forbi Sirestølen. Fortetting i Skarslia kan vere problematisk for hovudtrekkerta.



Figur 12: Registrerte elgtråkk og viktige vilt-/beitekorridorar.

## 5.3 Inngrepsfri natur


Vats kan ikkje reknast som eit inngrepsfritt naturområde, men det finst mindre område i nærleik av avgrensinga som del av sone 2 (1-3 km frå inngrep).




Figur 13: Inngrepsfrie naturområde. Datsett «inngrepsfrie naturområder» er henta frå Miljødirektoratets naturbase.

## 5.4 Karbonrike areal

Området med høgast karbonopptak langs skogsområdene i Nordbygdvegen opp Skarslia, elles er det nøytralt eller lavt karbonopptak i Vats (figur 14). Nedbygging kan i hovudsak føre til middels til store utslipp i skogsområda op dalsidene, men og svært store i myrareaala (figur 15). Samla sett har Veståsen meir karbonlagring enn aktivt opptak.




Figur 14: Karbonopptak i området Vats.



Figur 15: Utslepp ved nedbygging i området Vats.

## 6. Leveområde villrein

Delar av området ligg innanfor randsoner villrein. Villreinområdet er vist med raud farge i kartet, medan yttergrensa for randsona er markert med lilla strek. Randsona er og å forstå som villreinens leveområde. Villreinssonen er juridisk bindande og vedteken som del av gjeldande arealdel, og er basert på «Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell (2014-2025)», som erstatta KDP for villrein i Nordfjella frå 1998.




**Figur 16:** Randsoner for villrein i Nordfjella skjærer gjennom nordlege delen av avgrensinga ved Sirestølen (lilla linje).

## 7. Naturressursar

### 7.1 Beitebruk og beiteareal

Heile området blir i større eller mindre grad brukt til beite. Ut frå historia er det grunn til å tru at det kviler beiterettar på heile området sjølv om bruken har gått ned etter kvart som færre bruk har husdyr. Beitekartlegging dekker austre del av avgrensinga, men stoppar vestover herifrå. Det er godt beite i heile området for både sau og storfe, men og nokon svært gode og mindre gode beiteareal.




Figur 17: Beitekvalitet for sau (venstre) og storfe (høgre). Henta frå datasettserien «Vegetasjon» av NIBIO.

### 7.2 Dyrka- og dyrkbar jord

Det er registrert svært lite fulldyrka eller overflatedyrka jord i området. derimot er det registrert ein del dyrkbar jord i området Toslettan, Hausestølen og Vatslivegen. Vidare er det noko registrert dyrkbar jord sør for Sirestølen, og noko vest for Dusa.

Dyrkbar jord har lovmessig vern etter jordlova, og areala kan vere underlagde restriksjonar mot nydyrking i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, til dømes forbod mot nydyrking av myr. Det inneber at ikkje alle registrerte areal er aktuelle for oppdyrking.



Figur 18: Dyrkbar jord (markert i raudt) i Vats. Kartlag «Dyrkbar jord» er henta frå NIBIO

## 8. Samla vurdering

### 8.1 Området sine utfordringar, behov og moglegheiter

Det ligg føre tabell som oppsummerer utfordringar, behov og moglegheiter knytt til dei tema som er aktuelle i denne analysen for Vats.

	Utfordringar	Behov og moglegheiter
<b>Satsingsområde</b>		Skarslia er eit satsingsområde jf. Kommuneplanens samfunnsdel.
<b>Planstatus</b>	632 daa innspelsareal skal vurderast i KU. I Skarslia er det innspel av stort omfang om å utvide og fortette, i tillegg til fleire ubygdde tomter i reguleringsplan.	
<b>Dyrkbar jord</b>	Det er noko dyrkbar jord ved Sirestølen og mot Leveldåsen. Areal avsett til fritidsbustader i KPA rører ved dyrkbar jord i Grønli hyttefelt.	
<b>Naturfarar</b>	Det er ubygdde tomter i reguleringsplan innanfor aktsemdssoner for jord- og flaumskred i Skarslia.	Behov for farekartleggingar ved evt. utbygging i aktsemdsområde. Reguleringsplanar her er gjenstand for planrevisjon.
<b>Naturmangfald</b>	Både Sirestølen og Skarslia har fleire verdifulle naturtypar. Det er boreal hei innanfor regulerte, ubygdde tomter i reguleringsplan samt areal avsett til fritidsbustader i KPA.	Behov for ein planrevisjon. I tråd med kommunestyret sitt vedtak om planrevisjon (planvask) i sak 53/2024 i møtet 20.06.2024, vil avsette område til framtidige fritidsbustader i gjeldande kommuneplan bli vurdert. Mellom anna i forhold til kommunens overordna arealføringar, regionale- og statlege føringar og dagens lovverk.
<b>Vassmiljø</b>	I dag 7,2 ug total fosfor med grense på 10 ug i Vatsfjorden. Regulerte vatn er ein utfordring for vassmiljø.	Utvide kapasitet ved kommunalt reinseanlegg. Før evt. utbygging må det gjennomførast ei betre resipientkartlegging.
<b>VA</b>	Store delar av reinseanlegg i Skarslia er reservert, og har derfor ikkje restkapasitet tilgjengeleg for nyare utbygging. Her kan det vere at det kjem under tettstad og med krav om strengare reinsekrav (kap. 14)	Både reinseanlegg Skarslia (kommunalt) og Sirestølen (privat) har behov for utviding av VA-infrastruktur ved evt. vidare utbygging.
<b>Grøne korridorar, vilt og beitedyr</b>	Ei hovudtrekkroute for elg går gjennom området Sirestølen og hyttefeltet i Skarslia. Mangelfull kartlegging av beitekvalitet.	Det må greiast ut korleis ein kan ivareta hovudtrekkrouter med tanke på kryssing gjennom Skarslia. Det er òg eit behov for beitekartlegging av heile området.
<b>Stigar og skiløypar</b>	Mange kryssingspunkt mellom skiløype og veg der hyttane ligg tettast i Skarslia og Sirestølen.	Unngå fleire kryssingar.
<b>Leveområde villrein</b>	Området Sirestølen rører ved randsoner for villrein. Evt. vidare utbygging inn mot randsona kan vere ei utfordring.	Det må takast omsyn til randsona for villrein.
<b>Området si toleevne</b>		

Felles reinseanlegg for Sirestølsvarven er bygd og godkjent for 20 hytter, der 13 hytter er kopla til pr. dagsdato.

*Pga endring av definisjon på tettstadbebyggelse, vil ikkje VA-biten av analysen bli like førande for framtidig bebyggelse som først antatt. Vi føreheld oss til dagens lovverk, men det kan kome endringar som gjer at VA må vurderast på nytt. Dette vil uansett bli eit tema i KU for innspela som har gått vidare i grovsilinga.*

Skarslia er eit satsingsområde. Her er det mange innspel i eit areal som allereie er godt utbygd. Viktig å ivareta andre omsyn innanfor planområdet som aktsemdssoner for flaum og skred, samt friareal og skiløyper, og hovudtrekkerte for elg.

Det er ikkje moglegheit å bygge ut før kapasitet på reinseanlegget er utvida eller kjøpt av dei som har reservert plass.

Grønlifeltet ved Sirestølen har gode og til dels svært gode beiter, og rører ved randsona for villrein. Desse omsyna må vegast opp mot moglegheiter og ynskje om vidare utbygging. Her er det òg verdifulle naturtypar og boreal hei i tomtereserven.

## Kjelder

### Kartdata er i hovudsak henta frå GeoNorge og kommunens plandatabasar.

- Felles kartdatabase (FKB) og Matrikkelen – Benytta i fleire tema
- AR5 (Arealressurskart) og DMK (Digitalt markslagskart)
- Temakart:
  - «Naturtyper, naturmangfold» frå Miljødirektoratet – Tema: *Naturtypar og naturmangfald*
  - «Inngrepsfri natur i Norge» frå Miljødirektoratet – Tema: *Inngrepsfrie naturområde*
  - «Vegetasjon» frå NIBIO – Tema: *Beitebruk og beiteareal*
  - «Karbonrike areal» frå NIBIO – Tema: *Karbonrike areal*
  - «Aktsomhetskart» (2025) frå NVE – Tema: *Naturfarar*
  - «Dyrkbar jord» (2025) frå NIBIO – Tema: *Dyrka og dyrkbar jord*
- Føie AS v/ planavdelinga – Tema: *Straum*
- Vann-nett.no – Tema: *Vassmiljø*
- Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell (2014-2025) (erstatta KDP for villrein i Nordfjella) – Tema: *Leveområde villrein*
- Rapport: «Slokkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» (18.03.2024) – Tema: *Innsatstid utrykkingskøyretøy*
- Renovasjonspunkt, Hallingdal renovasjon: [Finn ut hvor du leverer avfall - Sortere](#) Tema: *Tilknytt renovasjonspunkt*
- “Sangefjell-området historie” av Einar A. Eriksen – Tema: *Historikk*

# Uttalelsene i sak «Straumnett i Ål kommune – grunnlag for kommuneplanens arealdel for fritidsbebyggelse»

Det vises til anmodning om uttalelse i sak 'Straumnett i Ål kommune til bruk i kommuneplanens arealdel for hytter', datert 12.02.2026.

Føie har etter energiloven områdekonsesjon i Ål kommune. Dette innebærer at vi etablerer og drifter strømnettet i kommunen (høyspent og lavspent fordelingsnett).

Per dags dato foreligger det enkelte kapasitetsutfordringer i forespurt området.

## Generelt:

- Det etableres som hovedregel ikke ny forsyningskapasitet før eksisterende kapasitet er fullt utnyttet.
- Utbyggere kan pålegges å betale anleggsbidrag i henhold til gjeldende forskrifter og regelverk.
- Flere områder i kommunen står overfor et forventet økt effekt- og energibehov, og tidspunkt for investeringer må vurderes grundig for å sikre samfunnsøkonomisk riktige løsninger.
- Ved innmeldt konkret kapasitetsbehov vil nettselskapet utarbeide interne analyser for å vurderinger basert på modenhet for investeringer. Disse interne analysene inngår ikke i uttalelser eller formelle svar til kommunen.

## 1. Felles for elektriske anlegg

### 1.1 Adkomst og terrengendringer

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til våre anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over kabler eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

### 1.2 Grunneieravtale for bygging, drift og vedlikehold av nettet

Nye elektriske anlegg som etableres innenfor det aktuelle planområdet skal avtales gjennom en tinglysbar grunneieravtale. Avtalen skal sikre Nettselskapet en rettighet til å etablere, føre frem, ha liggende og opprettholde et elektrisk anlegg over eller på Eiendommen, med en tidsavgrenset og varig karakter.

Rettigheten omfatter adgang til å etablere nye elektriske anlegg, samt gjennomføre fremtidige utskiftninger, fornyelser, oppgraderinger, ombygginger, inspeksjoner, vedlikeholds- og reparasjonsarbeider, herunder nødvendige grave- og sprengningsarbeider som står i direkte tilknytning til anlegget.

Nettselskapet gis i tillegg rett til nødvendig og hensiktsmessig adkomst over Eiendommen for

utførelse av ovennevnte tiltak.

### 1.3 Støy fra transformatorstasjon

Vi gjør også oppmerksom på at det finnes eksisterende transformatorstasjoner og nettstasjoner i planområdet. Eventuelle ulemper og avbøtende tiltak for planlagt bebyggelse i denne forbindelse er ikke vårt ansvar. Utbygger må ta hensyn til støy fra transformatorstasjoner og nettstasjoner ved utforming av ny bebyggelse.

### 1.4 Inntegning på plankart og tildelte kartskisser

I tilfeller hvor det deles ut kartskisser med inntegnede elektriske anlegg, gjelder følgende forutsetninger:

Nettselskapet har eksisterende elektriske anlegg innenfor det aktuelle planområdet, slik det fremgår av vedlagte kart. Kartmaterialet stilles til disposisjon utelukkende for det formål å besvare forespurt planarbeid, og kan kun benyttes innenfor følgende rammer:

- Brukes kun som underlag for forespurt planarbeid
- Bør slettes etter bruk - husk at nettet endrer seg kontinuerlig
- Må ikke oversendes andre uten netteiers samtykke
- Må ikke anses som kabelpåvisning. Forespørsel om kabelpåvisning rettes til Føie AS

Vi gjør oppmerksom på at spenningsnivået for ledningsanleggene *ikke* må påføres i planen, herunder plankartet. Kraftledninger skal på kart ha en enhetlig utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysiske forskjeller. Parallelle ledninger som går i samme trasé, skal tegnes som én ledning. Høyspenningskabler under bakken tegnes ikke inn på kartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, og NVEs *Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen*, pkt 6.2.5.

Arealer og eiendommer som brukes til, eller i fremtiden skal brukes til transformatorstasjoner evt nettstasjoner avsettes i planen til arealformål bebyggelse og anlegg, underformål «Andre typer bebyggelse og anlegg», energianlegg kode 1500, jf vedlegg I til kart- og planforskriften.

### 1.5 Andre forhold

I god tid før utbygging må det avklares hvordan nye bygninger i planområdet skal forsynes med elektrisk strøm. Det må avklares i hvilken grad eksisterende ledninger/kabler eventuelt kan benyttes, om nye ledninger/kabler må legges og om det er behov for ny(e) nettstasjon(er).

Den eller de som utløser tiltak i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostnadene med tiltaket, inkludert eventuelle kostnader til erverv av nye rettigheter. Nye traséer må gis rettigheter med minst like gode vilkår som det vi har til de eksisterende traséene. Normalt er dette stedsevarige (evigvarende) bruksrettigheter.

Dersom planen forutsetter at eksisterende høyspenningsanlegg må flyttes eller legges om, må det settes av plass til ny trasé og/eller nettstasjon(er).

Dersom det er aktuelt med alternativ energiforsyning til området, f.eks. fjernbåren varme, ønsker vi at dette avklares så tidlig som mulig da dette påvirker behovet for elektrisk strøm.

Ved bygging i nærheten av luftledninger, gjøres det oppmerksom på at det ikke nødvendigvis er samsvar mellom hvilken avstand som er nødvendig for å komme under anbefalt utredningsgrense for magnetfelt og gjeldende byggeforbudsbelte.

## **2. Anlegg etablert etter anleggskonsesjon (normalt regionalnett) *ikke aktuelt i denne saken***

### **2.1 Eksisterende høyspenningsanlegg**

Vi vil gjøre oppmerksom på at planområdet krysses av høyspenningsanlegg som er bygget etter anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Kraftledninger og kabelanlegg bygget etter anleggskonsesjon er i hovedsak unntatt fra Plan- og bygningsloven, og for disse kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema.

Utgangspunktet er derfor at kraftledninger ikke skal inntegnes som et arealformål i en reguleringsplan, men bør innarbeides som *hensynssone (faresone)*. Byggeforbudsbeltet langs den aktuelle kraftledningen er totalt \_\_\_\_ meter, \_\_\_\_ meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen.

For kabelanlegg kan det normalt iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som \_\_\_\_ meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

### **2.2 For anlegg etablert etter anleggskonsesjon gjelder følgende**

Planlagt ny bebyggelse eller andre tiltak som kommer i konflikt med elektriske anlegg må tas hensyn til i det videre planarbeidet. Vi må oppstille en del vilkår for at eventuelle omlegginger av nevnte <elektriske anlegg> skal kunne gjennomføres (se også pkt 1.4):

- Eventuelle nye kabler eller luftledninger som skal erstatte eksisterende anlegg, må minimum ha overføringskapasitet som tilsvarer den kapasiteten anlegget har i dag.
- Eventuelle ønsker om omlegging av eksisterende anlegg må meldes inn til oss i god tid før omleggingen ønskes utført. Omlegging kan være en tidkrevende prosess, og bør tas hensyn til ved utarbeidelse av eventuelle bestemmelser om særskilt rekkefølge for gjennomføring av de enkelte tiltakene i planen.
- Dersom tiltak skal gjøres på den aktuelle luftledning eller kabelanlegg, må det påregnes at det kan bli nødvendig å stille krav om tider på året som utkobling må være avgrenset til og hvor lenge anlegget kan være utkoblet. Dette begrunnes med behovet for kontinuerlig forsyning av strøm til kundene, jfr. også leveringsplikten i energiloven § 3-3.

- Omlegging av anlegg med spenning høyere enn 24 kV fordrer at vi søker NVE om endringer i de respektive anleggskonsesjonene for anleggene. Endring i anleggskonsesjon forutsetter blant annet at det finnes ekstern evne og vilje til full kostnadsdekning, slik at nettkundene ikke belastes omleggingen. Dette betyr at vi vil kreve full kostnadsdekning for omlegging. Utfallet av en konsesjonsbehandling kan ikke forskutteres.

### **2.3 Dersom nytt høyspenningsanlegg er planlagt i området**

Ny <angi> kV høyspent <luftledning/ kabel/transformatorstasjon> er under planlegging og vil komme til å krysse området som vist på vedlagt kart. Det er søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om anleggskonsesjon (jfr. energiloven § 3-1) for etablering av anlegget. Vi ber om at den planlagte <traséen/arealet> innarbeides i planen. Det er også søkt om ekspropriasjon for etablering av anlegget, hvilket gjør at arealet i realiteten er båndlagt for formålet, jfr. oregningslova § 28.

## **3. Anlegg etablert etter områdekonsesjon (normalt distribusjonsnett)**

Anlegg under 24 kV inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er bygget i medhold av områdekonsesjon. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

### **3.1 Eksisterende høyspennings luftledning**

Det må tas hensyn til høyspenningsluftledninger som ligger innenfor planområdet. Ledningene har et byggeforbudsbelte på totalt 15 meter, 7,5 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbeltet registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jfr. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2 eller som en hensynssone (faresone).

### **3.2 Eksisterende høyspenningskabler**

Høyspenningskablene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Normalt kan det iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som 2 meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

### **3.3 Behov for ny nettstasjon – samt forhold til eksisterende frittliggende nettstasjon**

For å sikre strøm til ny bebyggelse, må det settes av plass til å etablere en eller flere nye nettstasjoner i området. Nettstasjonen(e) bør av hensyn til effektuttaket plasseres omtrent som skissert på vedlagte kart. Kontakt vedrørende dette temaet rettes til Føie AS.

En nettstasjon ønskes plassert minimum tre meter fra veikant og utenfor veiens frisisiktsoner. Størrelsen på nettstasjonen kan være opptil 15 m<sup>2</sup>.

Nettstasjoner kan også etableres i egne rom i bygg. Det stilles i slike tilfeller særskilte krav til utforming av rommet, samt til adkomst og ventilasjon m.v.

Det må tas hensyn til eksisterende nettstasjoner innenfor planområdet. For både nye og eksisterende nettstasjoner gjelder at disse må stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater. Avstanden gjelder også til terrasser og lignende brennbare utstikk som er direkte knyttet til bygget.

Vi ser at det ofte dessverre ikke blir tatt hensyn til disse avstandskravene når nye bygninger planlegges og oppføres. Dette skaper problemer både for grunneiere og for nettselskapet. Det er derfor viktig å synliggjøre byggegrenser mot nettstasjoner i reguleringsbestemmelsene.

Følgende må spesifikt ivaretas i plan med bestemmelser:

- Der nettselskapet har angitt behov for plassering av ny nettstasjon, må det reguleres et areal til slikt formål
- Nettstasjoner tillates oppført i forbindelse med strøm til stedbunden næring i LNFR-område samt i areal regulert til utbyggingsformål
- Nettstasjoner tillates oppført også utenfor regulerte byggegrenser og kommer i tillegg til tillatt utnyttelsesgrad.
- Nettstasjoner tillates oppført inntil 1 m fra eiendomsgrense og at det generelt er 5 m byggegrense rundt nettstasjoner.

#### 3.4 (Aktuelt når konkret plan foreligger) Hvis behov for særskilt trasé for strømfremføring (f eks når veigrunn ikke kan benyttes):

For strømforsyning av ny bebyggelse vil det være nødvendig å etablere ny høyspenningsforsyning inn i området. Med hensyn til hva som vil være beste tilkoblingspunkt i eksisterende nett, ser vi at det vil være nødvendig å anlegge en trasé fra <angi> og inn mot anmerket område hvor det er aktuelt å plassere en ny nettstasjon. Se vedlagt kartskisse. Vi ber derfor om at det i planen etableres trase for anlegg som beskrevet. Dersom det ikke er aktuelt å anlegge vei i samme korridor, kan kabelgrøft gjerne kombineres med gangsti eller friområde. Det viktige er at det ikke planlegges bebyggelse over kabelgrøften. Normalt byggeforbud langs kabelgrøfter er <avstand> meter målt horisontalt fra <kabelgrøftens ytterkant/midt kabelgrøft>.

## 4. Andre forhold

Vi ønsker å bli kontaktet i god tid før utbygging, slik at vi kan planlegge nye anlegg og angi hvor vi ønsker at utbyggere skal grave kabelgrøfter inn til bygninger. Før selve arbeidet i utbyggingsområdet starter opp, ønsker vi også å avklare fremdriftsplan med utbygger.

Det er også viktig at nye utbyggingsområder/teknisk infrastruktur planlegges slik at spesielt våre høyspenningsledninger ikke må flyttes. Når kabler flyttes, må disse kappes og skjøtes. Basert på en samfunnsøkonomisk vurdering bør slike skjøter reduseres til et minimum, da disse erfaringsmessig kan medføre større risiko for feilsituasjoner i nettet og en mer ustabil strømleveranse.

Vennligst ta kontakt dersom det skulle være spørsmål eller uklarheter når det gjelder tilpasning av våre anlegg i den nye reguleringsplanen Føje AS